

# Prop. 29 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2012 under Arbeidsdepartementet

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet 16. november 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Arbeidsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2012.

Dei reviderte oversлага for folketrygdas utgifter og inntekter i 2012 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2012.

Arbeidsdepartementet fremmar forslag om å auke løyingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 36,2 mill. kroner, å redu-

sere løyingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 654,2 mill. kroner og å redusere løyingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 374 mill. kroner. Samla gjer Arbeidsdepartementet framlegg om at løyingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar vert nedsett med om lag 992 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med om lag 170,6 mill. kroner.

## 2 Forslag under dei enkelte kapitla

### Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forskning m.m.

| Post | Namn                     | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | (1000 kr)       |                                    |
|------|--------------------------|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|      |                          |                   |                 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 21   | Særskilde driftsutgifter | 57 730            | 59 320          | 57 170          | -2 150                             |
| 70   | Tilskott                 | 26 151            | 23 690          | 24 840          | +1 150                             |
|      | <b>Sum endringar</b>     |                   |                 |                 | <b>-1 000</b>                      |

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga for 2012 er 59,32 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2,15 mill. kroner, jamfør omtale under kap. 601, post 70.

#### *Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2012 er 23,69 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 601, post 70 med 1,85 mill. kroner knytt til tilskottsutbetaling til Næringslivets hovudorganisasjon. Løyvinga under kap. 601, post 21 vert føreslått redusert med tilsvarande beløp.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 601, post 70 med 0,5

mill. kroner knytt til tilskottsutbetaling til Senter for seniorpolitikk. Løyvinga under kap. 601, post 21 vert føreslått redusert med tilsvarande beløp.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 601, post 70 med 0,2 mill. kroner knytt til ein utbetaling til Olje- og energidepartementet i samband med delfinansiering av konferansen Ministerial Forum. Løyvinga under kap. 601, post 21 vert føreslått auka med tilsvarande beløp.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 601, post 70 med 1 mill. kroner som følgje av mindreutgifter mellom anna knytt til EU-kontingenter.

Arbeidsdepartementet gjer samla framlegg om å auke løyvinga med 1,15 mill. kroner

### Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

| Post | Namn           | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | (1000 kr)       |                                    |
|------|----------------|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|      |                |                   |                 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01   | Driftsutgifter | 9 985 547         | 10 261 435      | 10 322 335      | +60 900                            |

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2012 er 10 261,4 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten deltar i eID-programmet. Det er tidlegare rammeoverført midlar frå kap. 605, post 01 til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt budsjett for å dekke transaksjonskostnadene i programmet. For mykje rammeoverført skulle justerast når transaksjonsvoluma vert klare i 2012. Ein foreslår difor å auke Arbeids- og velferdsetaten si driftsløyving med 1,4 mill. kroner mot tilsvarande å sette ned løyvinga under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt kap. 1560, post 23.

I samsvar med ei EU-forordning skal all utveksling av trygdeinformasjon mellom EU/EØS-land skje ved bruk av elektroniske dokument. Det er sett i gang eit prosjekt, EESSI, som skal innfri dei krava som følger av EU-forordninga. Som følgje av at prosjektet vert forseinka, foreslår ein at Arbeids- og velferdsetaten si driftsløyving vert redusert med 15,5 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten er ei av dei statlege verksemndene som sjølv betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Arbeids- og velferdsetaten har hittil ikkje betalt arbeidsgjevaravgift på arbeidsgivar sin del av pensjonsinnskotet. Denne delen av arbeidsgjevaravgifta er det ikkje

tatt høgde for i driftsbudsjettet til Arbeids- og velferdsetaten. For å bringe innbetalinga av arbeidsgjevaravgift i tråd med regelverket, foreslår ein å auke driftsbudsjettet til Arbeids- og velferdsetaten med 75 mill. kroner. Dette vil medføre ein tilsvarende auke i inntekta på kap. 5700 Folketrygdens

inntekter, post 72 Arbeidsgjevaravgift. Finansdepartementet vil fremme forslag om endring i løvinga i proposisjonen om ny saldering av Statsbudsjettet 2012.

Arbeidsdepartementet gjer samla framlegg om å auke løvinga med 60,9 mill. kroner.

## Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten

|      |   |                   |                | (1000 kr)       |                                    |
|------|---|-------------------|----------------|-----------------|------------------------------------|
| Post | Namn                                      | Rekneskap<br>2011 | Løying<br>2012 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 06   | Gebyrinntekter for fastsettjing av bidrag | 26 121            | 22 000         | 20 000          | -2 000                             |

*Post 06 Gebyrinntekter for fastsettjing av bidrag*

Løvinga for 2012 er 22 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år er inntekten for 2012 berekna til 20 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løvinga med 2 mill. kroner.

## Kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse

|      |                                 |                   |                | (1000 kr)       |                                    |
|------|---------------------------------|-------------------|----------------|-----------------|------------------------------------|
| Post | Namn                            | Rekneskap<br>2011 | Løying<br>2012 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01   | Driftsutgifter, overslagsløying | 9 369 745         | 9 268 000      | 9 231 000       | -37 000                            |

*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløying*

Løvinga for 2012 er 9 268 mill. kroner.

Oppdatert løvingsoverslag for kap. 612, post 01 viser ein reduksjon på posten med 37 mill. kroner til 9 231 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå fleire årsaker:

- Overslaget over premieinntekter (arbeidsgjevarpremie og medlemsinnskot) er auka med 227 mill. kroner i høve til overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012. Auken i premieinntektene skuldast i hovudsak ein auke i premiegrunnlaget for 2012 etter tariffoppgjøret for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet våren 2012.
- Refusjonar av pensjonar betalt ut på vegne av andre pensjonsordningar er auka med 16 mill. kroner i høve til kva som allereie ligg inne i budsjettet. Overslaget er basert på faktisk refunderte pensjonar pr. august 2012 og prognose ut året.
- Oppdaterte overslag for utbetalte pensjonar (alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatne-

pensjonar) viser ein auke med 225 mill. kroner i høve til overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012. Auken knyter seg i hovudsak til at veksten i talet på pensjonistar i 2012 er høgare enn det som er lagt til grunn tidlegare.

- Overslaget over utbetalte AFP-pensjonar er redusert med 82 mill. kroner i høve til kva som allereie ligg inne i budsjettet. Reduksjonen i utbetalte AFP-pensjonar skuldast i hovudsak at veksten i talet på AFP-pensjonistar i 2012 er lågare enn det som er lagt til grunn tidlegare.
- Andre endringar i budsjettføresetnadene fører med seg ein netto auke av løvingsforslaget med 63 mill. kroner i høve til overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012, mellom anna som følgje av auka administrasjonskostnader (jf. kap. 2470), auka avskrivningar og auka renteutbetalingar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løvinga med 37 mill. kroner.

**Kap. 613 Arbeidsgjevaravgift til folketrygda**

| Post | Namn                                   | Rekneskap | Løying  | Forslag | (1000 kr)                          |
|------|--|-----------|---------|---------|------------------------------------|
|      |  | 2011      | 2012    | 2012    | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01   | Driftsutgifter, <i>overslagsløying</i> | 825 000   | 922 000 | 937 000 | +15 000                            |

*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløying*

Løyinga for 2012 er 922 mill. kroner.

Det vert foreslått ein auke av løyinga under post 01 med 15 mill. kroner til 937 mill. kroner. Auken kjem i hovudsak av ein auke i premie-

grunnlaget for 2012 etter tariffoppgeret for arbeidstakalar i det statlege tariffområdet våren 2012.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga med 15 mill. kroner.

**Kap. 614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse**

| Post          | Namn                          | Rekneskap  | Løying     | Forslag    | (1000 kr)                          |
|---------------|-------------------------------|------------|------------|------------|------------------------------------|
|               |                               | 2011       | 2012       | 2012       | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01            | Driftsutgifter                | 51 256     | 54 000     | 63 000     | +9 000                             |
| 90            | Utlån, <i>overslagsløying</i> | 16 343 454 | 16 600 000 | 22 800 000 | +6 200 000                         |
| Sum endringar |                               |            |            |            | +6 209 000                         |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyinga for 2012 er 54 mill. kroner.

Det vert foreslått ein auke av løyinga under post 01 med 9 mill. kroner til 63 mill. kroner. Nytt overslag på posten baserer seg på føresetnader om auka volum i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 614, post 90.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga med 9 mill. kroner.

*Post 90 Utlån, overslagsløying*

Løyinga for 2012 er 16 600 mill. kroner.

Oppdatert løvingsoverslag for utlån i 2012 er auka med 6 200 mill. kroner til 22 800 mill. kroner. Auken i overslaget skuldast auka etterspurnad etter lån.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga under post 90 med 6 200 mill. kroner.

**Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse**

| Post          | Namn                   | Rekneskap | Løying    | Forslag   | (1000 kr)                          |
|---------------|------------------------|-----------|-----------|-----------|------------------------------------|
|               |                        | 2011      | 2012      | 2012      | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01            | Gebyrinntekter, lån    | 35 360    | 37 000    | 45 000    | +8 000                             |
| 90            | Tilbakebetaling av lån | 7 349 904 | 7 600 000 | 7 000 000 | -600 000                           |
| Sum endringar |                        |           |           |           | -592 000                           |

*Post 01 Gebyrinntekter, lån*

Løyinga for 2012 er 37 mill. kroner.

Det vert foreslått ein auke av løyinga under post 01 med 8 mill. kroner til 45 mill. kroner. Nytt

overslag baserer seg på føresetnader om auka volum i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 614, post 90. Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyinga med 8 mill. kroner.

***Post 90 Tilbakebetaling av lån***

Løyvinga for 2012 er 7 600 mill. kroner. Oppdatert løvvingsforslag for tilbakebetaling av lån i 2012 er redusert med 600 mill. kroner til 7 000 mill. kro-

ner. Reduksjonen kan i hovudsak forklaraast med ein reduksjon i talet på innfridde lån.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løvvinga med 600 mill. kroner.

**Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse**

| Post | Namn   | Rekneskap | Løyving   | Forslag   | (1000 kr)                          |
|------|--------|-----------|-----------|-----------|------------------------------------|
|      |        | 2011      | 2012      | 2012      | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 80   | Renter | 1 031 420 | 1 168 000 | 1 210 000 | +42 000                            |

***Post 80 Renter***

Løyvinga for 2012 er 1 168 mill. kroner.

Det vert foreslått ein auke av løvvinga under post 80 med 42 mill. kroner til 1 210 mill. kroner. Nytt overslag må sjåast i samanheng med netto

auke i hovudstol og nedgang i rentenivå. Nettoverknaden av disse endringane utgjer ein auke på 42 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løvvinga med 42 mill. kroner.

**Kap. 616 Gruppelivsforsikring**

| Post | Namn                             | Rekneskap | Løyving | Forslag | (1000 kr)                          |
|------|----------------------------------|-----------|---------|---------|------------------------------------|
|      |                                  | 2011      | 2012    | 2012    | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01   | Driftsutgifter, overslagsløyving | 173 589   | 178 000 | 169 000 | -9 000                             |

***Post 01 Driftsutgifter***

Løyvinga for 2012 er 178 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon av løvvinga på 9 mill. kroner til 169 mill. kroner. Overslaget er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2012 og

prognose for utbetalinger ut året. Utbetalte gruppelivserstatningar varierer frå år til år og er mellom anna avhengig av kor mange prioriterte etterlatne avdøde har.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løvvinga med 9 mill. kroner.

**Kap. 3616 Gruppelivsforsikring**

| Post | Namn            | Rekneskap | Løyving | Forslag | (1000 kr)                          |
|------|-----------------|-----------|---------|---------|------------------------------------|
|      |                 | 2011      | 2012    | 2012    | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01   | Premieinntekter | 93 897    | 87 000  | 85 000  | -2 000                             |

***Post 01 Premieinntekter***

Løyvinga for 2012 er 87 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon av inntektsoverslaget på 2 mill. kroner til 85 mill. kroner. Over-

slaget er basert på fakturert premie for 2012, justert for effekten av nye premiesatsar for 2012 og prognose for utbetalinger ut året.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løvvinga med 2 mill. kroner.

**Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak**

| Post | Namn   | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | (1000 kr)       |                                    |
|------|--|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|      |  |                   |                 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 21   | Forsøk, utviklingstiltak mv., kan overførast | 72 485            | 115 779         | 113 779         | -2 000                             |

*Post 21 Forsøk, utviklingstiltak mv., kan overførast*

Løyvinga for 2012 er på 115,779 mill. kroner.

Det er eit mindreforbruk av løyvinga i 2012. Mindreforbruket er knytt til lågare bruk av tilretteleggingstilskott for arbeidssøkarar og funksjonsassistent i arbeidslivet enn lagt til grunn for løy-

vinga. Tilretteleggingstilskott for arbeidssøkarar er ei ny ordning i 2012. Det tar normalt noko tid før nye ordningar vert kjent og tatt i bruk fullt ut. Arbeids- og velferdsetaten vil auke informasjonsarbeidet knytt til ordninga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

**Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak**

| Post | Namn  | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | (1000 kr)       |                                    |
|------|---|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|      |   |                   |                 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 85   | Innfordring av feilutbetaling,<br>arbeidsmarknadstiltak | 315               | 1 000           | 120             | -880                               |

*Post 85 Innfordring av feilutbetaling,  
arbeidsmarknadstiltak*

Løyvinga for 2012 er på 1 mill. kroner.

Inntekter under denne posten har samband med innfordring av feilutbetalingar til tiltaksarran-

gorar og enkelte tiltaksdeltakrarar. På bakgrunn av informasjon om innfordring av feilutbetalingar så langt i år gjer Arbeidsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,88 mill. kroner.

**Kap. 642 Petroleumstilsynet**

| Post | Namn           | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | (1000 kr)       |                                    |
|------|----------------|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|      |                |                   |                 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01   | Driftsutgifter | 189 803           | 190 551         | 191 551         | +1 000                             |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2012 er på 190 551 mill. kroner.

Petroleumstilsynet si kantine vert avvikla med verknad frå 1. februar 2012. Frå same dato vert også dei tilsette overført til ny kantinedriftar. Petroleumstilsynet, Oljedirektoratet og Petrad har inngått eit samarbeid om å bidra med kostnadene

for lukka pensjonsmedlemskap i Statens pensjonskasse gjennom driftstilskottet til kantinedriftar for desse personane. For Petroleumstilsynet vil utgifte til ordninga utgjere ca 1 mill. kroner pr. år i en treårsperiode.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,0 mill. kroner i 2012.

**Kap. 646 Pioneerdykkarar i Nordsjøen**

| Post | Namn   | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | Forslag<br>2012 | (1000 kr)                          |        |
|------|--|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|--------|
|      |  |                   |                 |                 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |        |
| 01   | Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>                    | 61                |                 | 100             |                                    | +100   |
| 70   | Tilskott til pioneerdykkarar,<br><i>overslagsløyving</i> | 2 990             | 0               | 1 500           |                                    | +1 500 |
|      | Sum endringar  |                   |                 |                 |                                    | +1 600 |

*Post 01 Driftsutgifter, kan overførast*

*Post 70 Tilskott til pioneerdykkarar, overslagsløyving*

Det er inga løyving på kap. 646 i 2012.

Stortinget bad i 2004 Regjeringa om å etablere ei kompensasjonsordning med maksimal utbetaling til den enkelte dykker på 40 gonger grunnbeløpet i folketrygda, jf. St.meld. nr. 47 (2002-2003), Innst. S. nr. 137 og 138 (2003-2004). Kompensasjonen skulle også gjevast til etterlatne under nærmare bestemte vilkår. Regjeringa vert vidare bede om å etablere ei oppreisningsordning til pioneerdykkarane i Nordsjøen, og etterlatne, på 200 000 kroner per dykker eller etterlatne.

Fristen for å søke om kompensasjon og oppreisning vart satt til 1. juli 2006. Totalt har det komme inn 340 søknader frå dykkarar og etterlatne. I alt 260 dykkarar og etterlatne har fått tildeiling (i ein del tilfeller deler fleire etterlatne summen), medan 80 dykkarar og etterlatne har fått

avslag. Samla er det utbetalt i overkant av 597 mill. kroner frå 2004 til 31. desember 2010.

Våren 2012 har nemnda handsama to nye saker knytte til auka uføregrad for pioneerdykkarar som tidlegare har fått utbetalt tilskott basert på ein delvis uføregrad.

Det er anslagsvis 20-30 pioneerdykkarar som tidlegare har fått utbetalt kompensasjon basert på ein delvis uføregrad, og som potensielt kan søke om auka uføregrad og ytterlegare kompensasjon.

Som grunnlag for forslaget om løyving for 2012 kan det antakast å kome nokre fleire søknader basert på auka uføregrad. Dette vil medføre behov for midlar til nemnda si sakshandsaming, og til kompensasjon til pioneerdykkarar.

På denne bakgrunnen føreslår Arbeidsdepartementet at kap. 646 Pioneerdykkarar i Nordsjøen, post 01 Driftsutgifter, *kan overførast*, vert auka med 100 000 kroner i 2012. Det vert vidare føreslått at kap 646. Pioneerdykkarar i Nordsjøen, post 70 Tilskott til pioneerdykkarar, *overslagsløyving*, aukast med 1,5 mill. kroner i 2012.

**Kap. 660 Krigspensjon**

| Post | Namn  | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | Forslag<br>2012 | (1000 kr)                          |         |
|------|---|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|---------|
|      |   |                   |                 |                 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |         |
| 70   | Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> | 171 426           | 168 000         | 165 000         |                                    | -3 000  |
| 71   | Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i>   | 427 092           | 423 000         | 405 000         |                                    | -18 000 |
|      | Sum endringar                               |                   |                 |                 |                                    | -21 000 |

*Post 70 Tilskott, militære, overslagsløyving*

Løyvinga for 2012 er 168 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på militære krigspensjonistar vert litt lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

*Post 71 Tilskott, sivile, overslagsløyving*

Løyvinga for 2012 er 423 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på sivile krigspensjonistar vert litt lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 18 mill. kroner.

**Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn**

| Post | Namn     | Rekneskap | Løyving | Forslag | (1000 kr)                          |
|------|----------|-----------|---------|---------|------------------------------------|
|      |          | 2011      | 2012    | 2012    | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 70   | Tilskott | 624 562   | 292 979 | 314 979 | +22 000                            |

*Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2012 er på 292,979 mill. kroner

Det er gjort mindre endringar i oversлага for avgiftsinntekter og stønadsutgifter.

Avgiftsinntektene er justert ned med 13 mill. kroner, mens stønadsutgiftene er justert opp med 7 mill. kroner. Administrasjonsbudsjettet er foreslått oppjustert med 2 mill. kroner til prosjekt for

fornying av etaten sitt IKT-system (PTS-2013). Auken under administrasjonsbudsjettet har samanheng med at delar av prosjektet tilsvarende 2 mill. kroner vert forsært frå 2013 til 2012. Den totale økonomiske ramma for PTS-2013 vert ikkje endra som følgje av auken i den disponibele ramma i 2012.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 22 mill. kroner

**Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)**

| Post | Namn     | Rekneskap | Løyving   | Forslag   | (1000 kr)                          |
|------|----------|-----------|-----------|-----------|------------------------------------|
|      |          | 2011      | 2012      | 2012      | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 70   | Tilskott | 1 821 259 | 1 974 000 | 2 020 000 | +46 000                            |

*Post 70 Tilskott*

Løyvinga er 1 974 mill. kroner i 2012.

I anslaga er det skilt mellom AFP etter reglane som var gjeldande til og med 2010, og dei nye reglane som gjeld for alle arbeidstakarar som tok ut AFP med verknadstidspunkt tidlegast 1. januar 2011.

Talet på mottakarar etter dei nye reglane ser ut til å verte noko høgare enn lagt til grunn for løyvinga. Utgiftane til AFP etter dei gamle reglane er om lag som forventa.

Samla sett reknar ein med at utgiftene vert litt høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 46 mill. kroner.

**Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år**

| Post | Namn                       | Rekneskap | Løyving | Forslag | (1000 kr)                          |
|------|----------------------------|-----------|---------|---------|------------------------------------|
|      |                            | 2011      | 2012    | 2012    | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 70   | Tilskott, overslagsløyving | 370 547   | 406 000 | 390 000 | -16 000                            |

*Post 70 Tilskott, overslagsløyving*

Løyvinga er på 406 mill. kroner i 2012.

Ein reknar med at gjennomsnittleg yting vert litt lågare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 16 mill. kroner.

**Kap. 2470 Statens pensjonskasse**

| Post | Namn                                | (1000 kr)         |                 |                 |                                    |
|------|-------------------------------------|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|      |                                     | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 24   | Driftsresultat                      | 15 847            | 44 168          | 14 168          | -30 000                            |
| 45   | Større investeringar og vedlikehald | 308 241           | 29 084          | 25 795          | -3 289                             |
|      | Sum endringar                       |                   |                 |                 | -33 289                            |

*Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2012 er 44,168 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 24 med 30 mill. kroner. Forslaget til justering av driftsresultatkrevet er knytt til følgjande endringar:

*Underpost 24.1 Driftsinntekter (overslagsløyving)*

Det vert foreslått ein auke i driftsinntektene med 59,5 mill. kroner til 602 mill. kroner i høve til overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012. Auken i driftsinntektene heng saman med auka volum på pensjoneringsområdet i samband med sakshandsaminga av utbetalingar av etterlatnepensjon til enkjemenn, auka omfang av aktuartenester, auka etterspurnad etter lån og auka omfang av kursaktivitet. I tillegg aukar kostnadene i samband med gjennomføringa av ulike prosjektaktivitetar i Statens pensjonskasse.

*Underpost 24.2 Driftsutgifter (overslagsløyving)*

Driftsutgiftene vert foreslått auka med 32,8 mill. kroner til 451,8 mill. kroner i høve til kva som alle reie ligg inne i budsjettet. Auken i driftsutgifter skuldast auka volum i pensjoneringsområdet i

samband med sakshandsaminga av utbetalingar av etterlatnepensjon til enkjemenn, auka omfang av aktuartenester, auka etterspurnad etter lån og auka omfang av kursaktivitet. I tillegg aukar kostnadene i samband med gjennomføringa av ulike prosjektaktivitetar i Statens pensjonskasse.

*Underpost 24.5 Til investeringsføremål*

Det vert foreslått ein reduksjon av løyvinga med 3,3 mill. kroner til 14,8 mill. kroner samanlikna med overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012.

Underposten omfattar avsetning til eigenfinansierte investeringar, jf. kap 5470, post 30. Redusjonen skuldast eit lågare aktivitetsnivå enn planlagt, jamfør post 45.

Løyvingane under underpost 24.3, 24.4, og 24.6 er uendra.

*Post 45 Større investeringar og vedlikehald*

Løyvinga for 2012 er 29,1 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon av løyvinga på 3,3 mill. kroner til 25,8 mill. kroner. Mellom anna som følgje av avslutninga av prosjekt Perform, har Statens pensjonskasse så langt i 2012 hatt eit lågare aktivitetsnivå enn planlagt knytt til gjennomføringa av andre investeringar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 45 med 3,3 mill. kroner.

**Kap. 5470 Statens pensjonskasse**

| Post | Namn                              | (1000 kr)         |                 |                 |                                    |
|------|-----------------------------------|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|      |                                   | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 30   | Avsetning til investeringsføremål | 18 069            | 18 069          | 14 780          | -3 289                             |

**Post 30 Avsetning til investeringsføremål**

Underposten omfattar motposten av kap. 2470, post 24.5 Til investeringsføremål.

Løyvinga for 2012 er 18,069 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon av løyvinga på 3,3 mill. kroner til 14,8 mill. kroner. Reduksjonen skuldast eit lågare aktivitetsnivå enn planlagt.

**Kap. 2541 Dagpengar**

| Post | Namn                        | Rekneskap  | Løyving    | Forslag    | (1000 kr)                          |
|------|-----------------------------|------------|------------|------------|------------------------------------|
|      |                             | 2011       | 2012       | 2012       | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 70   | Dagpengar, overslagsløyving | 11 112 302 | 10 504 000 | 10 000 000 | -504 000                           |

**Post 70 Dagpengar, overslagsløyving**

Departementet anslår dagpengeutbetalingane i 2012 til 10 000 mill. kroner med grunnlag i tal til og med september 2012. Det vert no lagt til grunn at ein lågare del av ledige får dagpengar, og ein lågare vekst i gjennomsnittleg yting enn lagt til grunn i gjeldande budsjett 2012. Utbetalingane av dagpengar i perioden januar til september i år er også lågare enn for same periode i 2011.

Tidlegare ordning for refusjon av utbetalte dagpengar til EØS-borgarar med dagpengerettig-

heiter frå andre EØS-land vart 1. juni 2012 erstatta med ei ny refusjonsordning for utbetalte dagpengar til personar som er busett i Noreg og har blitt heilt arbeidslause i eit anna EØS-land, jamfør omtale av kap. 5705 Refusjon av dagpengar. Endringane er venta å gi ein reduksjon i løyvinga på kap. 2541 på om lag 5 mill. kroner. Det er tatt omsyn til denne effekten i utgiftsanslaget.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 504 mill. kroner.

**Kap. 5705 Refusjon av dagpengar**

| Post          | Namn  | Rekneskap | Løyving | Forslag | (1000 kr)                          |
|---------------|---|-----------|---------|---------|------------------------------------|
|               |   | 2011      | 2012    | 2012    | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 01            | Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs               | 58 083    | 60 000  | 65 000  | +5 000                             |
| 03            | Refusjon av dagpengar frå EØS-land                            | 3 031     | 4 000   | 2 300   | -1 700                             |
| 04            | Refusjon av dagpengar for grensearbeidarar mv. busett i Noreg |           |         | 1 300   | +1 300                             |
| Sum endringar |   |           |         |         | +4 600                             |

**Post 01 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs**

Løyvinga for 2012 er på 60 mill. kroner.

Rekneskapstal så langt i år indikerer eit høgare anslag på refusjonar enn lagt til grunn i gjeldande budsjett for 2012. Det er ein nedgang i talet på konkursar, men etterslep og tilfeldige utslag i saksbehandlinga kan ha innverknad på utviklinga i refusjonane.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

**Post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land**

Løyvinga for 2012 er på 4 mill. kroner.

Frå 1. juni 2012 vart ordninga for refusjon av utbetalte dagpengar til EØS-borgarar med dagpengerettigheiter frå andre EØS-land erstatta med ei ny refusjonsordning for utbetalte dagpengar til personar som er busett i Noreg og har blitt heilt arbeidslause frå arbeid i eit anna EØS-land. Som følgje av nytt regelverk, gjer Arbeidsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga på post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land med 1,7 mill. kroner

*Post 04 Refusjon av dagpengar for grensearbeidrarar mv. busett i Noreg*

Det er inga løyving i 2012.

Arbeidsdepartementet viser til omtale av nytt regelverk under post 03. Som følgje av nytt regel-

verk, gjer Arbeidsdepartementet framlegg om å opprette ein ny post 04 Refusjon av dagpengar for grensearbeidrarar mv. busett i Noreg med ei løyving på 1,3 mill. kroner.

### Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

| Post | Namn  | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | Forslag<br>2012 | (1000 kr)                          |  |
|------|---|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|--|
|      |   |                   |                 |                 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |  |
| 70   | Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs, <i>overslagsløyving</i> | 723 145           | 700 000         | 830 000         | +130 000                           |  |

*Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs, overslagsløyving*

Løyvinga for 2012 er på 700 mill. kroner.

Utbetalingane gjennom lønnsgarantiordninga er sterkt konjunkturvært, og det er særleg talet på konkursar på landsbasis, talet på tilsette og lønnsnivået for desse som påverkar den samla utbetalinga. Økonomien i det enkelte buet har også stor innverknad på utbetalingane og moglegheitene for innkrevjing av dividende.

Talet på konkursar i 2011 var om lag stabil jämfört med 2010 og har gått noko ned hittil i 2012. Det vert derfor forventa også ein viss nedgang i talet på saker inn til NAV-Lønnsgaranti. Talet på saker til handsaming er framleis høgt, og det er forventa ei vidare nedbygging av restansar. På denne bakgrunnen, og ut frå anslag om ein utgiftsauke dei fire siste månadene på nivå med same periode i 2011, vert anslaget auka med 130 mill. kroner til 830 mill. kroner for 2012.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 130 mill. kroner.

### Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

| Post | Namn      | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | Forslag<br>2012 | (1000 kr)                          |  |
|------|-----------|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|--|
|      |           |                   |                 |                 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |  |
| 02   | Dividende | 175 838           | 150 000         | 180 000         | +30 000                            |  |

*Post 02 Dividende*

Løyvinga for 2012 er på 150 mill. kroner.

Dividenden kan til ei viss grad sjåast i samanheng med endringane i utbetalingar og den generelle økonomiske situasjonen i bua. Innbetalingane relaterer seg både til inneverande og tidlegare års utbetalingar. Det er eit betydeleg etterslep i innkrevjing av dividende i forhold til utbetalingane.

Dividendeinngangen er sars vanskeleg å anslå og varierer mykje månad for månad og mel-

lom år. Per august 2012 er det innbetalt 114,4 mill. kroner i dividende, noko som er omlag same nivå som på tilsvarende tidspunkt i 2011.

På denne bakgrunnen, og ut frå auka utbetalingar i garantiordninga i 2012 så langt, jf. omtale av kap. 2542, post 70, anslåast ein dividendeinngang på 180 mill. kroner for 2012. Det er 30 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 30 mill. kroner

**Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far**

| Post          | Namn  | (1000 kr)         |                 |                 |                                    |
|---------------|---|-------------------|-----------------|-----------------|------------------------------------|
|               |   | Rekneskap<br>2011 | Løyving<br>2012 | Forslag<br>2012 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 70            | Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i>        | 2 553 131         | 2 543 000       | 2 545 000       | +2 000                             |
| 72            | Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> | 365 359           | 364 000         | 355 000         | -9 000                             |
| 73            | Utdanningsstønad                                | 53 902            | 56 000          | 51 000          | -5 000                             |
| 75            | Tilskott til flytting for å kome i arbeid       | 255               | 200             | 300             | +100                               |
| 76            | Forskottering av underhaldbidrag                | 836 998           | 820 000         | 800 000         | -20 000                            |
| Sum endringar |   |                   |                 |                 | -31 900                            |

*Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2012 er på 2 543 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser at utbetalinga til overgangsstønad bør justerast noko samanlikna med gjeldande budsjett 2012.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

*Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving*

Løyvinga for 2012 er på 364 mill. kroner.

Det har vore ein større nedgang i talet på mottakarar av stønad til barnetilsyn så langt i år enn føresett.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

*Post 73 Utdanningsstønad*

Løyvinga for 2012 er på 56 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser færre mottakarar av utdanningsstønad og lågare gjennomsnittleg yting enn lagt til grunn i gjeldande budsjett for 2012.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

*Post 75 Tilskott til flytting for å kome i arbeid*

Løyvinga for 2012 er på 200 000 kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 100 000 kroner.

*Post 76 Forskottering av underhaldbidrag*

Løyvinga for 2012 er på 820 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på mottakarar vert litt lågare enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

**Kap. 2650 Sjukepengar**

| Post          | Namn  | Rekneskap<br>2011 | Løying<br>2012 | Forslag<br>2012 | (1000 kr)                          |
|---------------|---|-------------------|----------------|-----------------|------------------------------------|
|               |   |                   |                |                 | Meirutgift (+)<br>Mindreutgift (-) |
| 70            | Sjukepengar for arbeidstakarar m.v., <i>overslagsløyving</i>              | 30 653 720        | 30 700 000     | 30 950 000      | +250 000                           |
| 71            | Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i>                    | 1 615 482         | 1 590 000      | 1 580 000       | -10 000                            |
| 72            | Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn mv., <i>overslagsløyving</i> | 508 525           | 530 000        | 520 000         | -10 000                            |
| 75            | Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i>                       | 1 721 955         | 1 780 000      | 1 760 000       | -20 000                            |
| Sum endringar |   |                   |                |                 | +210 000                           |

*Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2012 er 30 700 mill. kroner.

I Prop. 111 S (2011-2012) i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012 er det lagt til grunn ein reduksjon i det trygdefinansierte sjukefraværet på 5 pst. frå 2011 til 2012. Utviklingen til og med september 2012 tilseier at dette anslaget kan videreførast.

